



Kinn kommune

Godtgjersleregulativ

Vedtatt: 06.11.2019, kommunestyresak 024/19
Ansvarleg: Rådmann

Godtgjersleregulativ for folkevalde og ombod i Kinn kommune

2019-2023

1. Faste godtgjersler

1.1 Ordføreren

Godtgjersla vert fastsett for kvar valperiode av det konstituerande kommunestyret. Godtgjersla vert elles i valperioden regulert i samsvar med punkt. 13 nedanfor.

1.2 Varaordføreren

Godtgjersla skal utgjere 80 % av ordføreren si faste godtgjersle

1.3 Andre folkevalde

Følgjande folkevalde skal ha fast godtgjersle:

- Formannskapsmedlemene
- Leiarane for utvala og kontrollutvalet
- Leiarane for:
 - Eldrerådet
 - Rådet for personar med nedsett funksjonsevne
 - Ungdomens kommunestyre

Godtgjerslene er fastsette i vedlagde regulativ og vert regulerte i samsvar med punkt. 13 nedanfor.

I særskilde høve med stor arbeidsbelastning, kan formannskapet vedta at utvalsleiarar frikjøpast utover den faste godtgjersla som utvalsleiar. Rådmannen avgjer, men ved tvil eller behov kan saka fremmast til formannskapet som tek endeleg avgjerd.

Formannskapet har fullmakt til å fastsette eventuelle godtgjersler til leiarar i andre utval som kommunestyret eller dei sjølve opprettar.

1.4. Frikjøp av folkevalde

Ordføreren, varaordføreren og eventuelt andre folkevalde som i sum har faste godtgjersler på minst 50 % av ordføreren si godtgjersle, skal reknast for å vere *frikjøpte*. Det inneber at godtgjersla er ei totalgodtgjersle som omfattar fast godtgjersle, møtegodtgjersle og vederlag for tapt inntekt for alle verv vedkomande har, der valet eller oppnemninga er resultat av direkte vedtak i eit kommunalt vedtaksorgan.

Frikjøpte får likevel godtgjersle som gruppeleiar i partia.

Godtgjersla til frikjøpte skal utbetalast som løn; det medfører opptening av feriepengar.

1.5. Gruppeleiarane i partia

Godtgjersle til gruppeleiarane i partia er fastsett i vedlagde regulativ og vert regulerte i samsvar med punkt. 11 nedanfor.

Gruppeleiarar som møter i formannskapet og som ikkje har fast godtgjersle som leiar i eit utval eller som formannskapsmedlem, skal ha rett til møtegodtgjersle etter gruppe 1.

Det ligg som ein føresetnad at funksjonen går til å koordinere og samkøyre det politiske arbeidet blant valde medlemmer av ei liste/parti.

1.6. Reduksjon i fast godtgjersle

For folkevalde som deltek i mindre enn 50% av dei møta utvalet har i løpet av kalenderåret skal den faste godtgjersla reduserast tilsvarande.

For folkevald som har tenestefri frå kommunestyrevervet i minst tre månader i samanheng skal det gjerast høvesvis trekk i den faste godtgjersla.

1.7. Fast godtgjersle til varamedlem

Varamedlem som deltek i minst 1/3 av formannskapet sine møte, skal ha 50 % av den faste godtgjersla til formannskapsmedlem.

Varamedlem som deltek i minst 2/3 av møta, skal ha full fast godtgjersle.

2. Møtegodtgjersle

2.1 Gruppeinndeling for møtegodtgjersla

For medlemmer i folkevalde organ, med unntak av dei som er nemnde i punkt.2.6 nedanfor, vert det utbetalt møtegodtgjersle etter to grupper. Godtgjersla vert utbetalt for kvar møtedag.

Satsane er fastsette i vedlagde regulativ og vert regulerte i samsvar med punkt. 13 nedanfor.

Gruppe 1 gjeld:

Kommunestyret, ”politikardagar”, møtande varamedlem i formannskapet, møtande medlem og varamedlem i hovudutvala, kontrollutvalet og eventuelt regionråd.

Gruppe 2 gjeld:

Andre utval, råd, prosjektkomitear og liknande.

Valde representantar til m.a. årsmøte, generalforsamlingar, arbeidsgrupper, styringsgrupper, interkommunale utval m.v. får møtegodtgjersle etter gruppe 2 når godtgjersle ikkje vert betalt av andre.

2.2. Telefonmøte

Ved telefonmøte/fjernmøte og nettmøte i folkevalde organ vert det å utbetale ordinær møtegodtgjersle.

2.3. Fleire møte same dag

Dersom folkevalde møter i fleire møte same dag, har dei rett på møtegodtgjersle for kvart møte.

2.4. Dobbelt møtegodtgjersle

Utvalsleiarar som ikkje har fast godtgjersle får dobbelt møtegodtgjersle.

Nestleiar eller andre som må leie heile møte i leiaren sitt fråvær får dobbelt møtegodtgjersle.

2.5. Arbeidstakarrepresentantar

Arbeidstakarrepresentantar i folkevalde organ har same rettar til godtgjersle etter regulativet som dei folkevalde medlemene av organet.

Møtegodtgjersle vert ikkje gitt til arbeidstakarar som møter i kraft av si stilling.

2.6. Unntak frå møtegodtgjersla og presiseringar

Formannskapsmedlemer, med unntak av dei som er frikjøpte, får møtegodtgjersle for verv i andre utval enn formannskapet, her under møta i kommunestyret.

Leiarane av utval og kontrollutval får ikkje møtegodtgjersle for møte i formannskap då dei møter i funksjon som utvalsleiar/kontrollutvalsleiar.

2.7. Fullmakt til formannskapet

Formannskapet har fullmakt til å fastsetje gruppeplassering for nye utval, endre plasseringa innan gruppene og avgjere om det skal betalast møtegodtgjersle for spesielle utgreiingsoppgåver m.v. som vert utført av utvala/andre.

3. Vederlag for tapt inntekt

3.1. Vederlag

Folkevald skal ha vederlag for tap av inntekt som følgje av ombodet, jf. likevel unntaket i punkt 3.5 nedanfor.

Det gjeld ein sats for *legitimert* tap og ein sats for *ulegitimert* tap, jf. vedlagde regulativ.

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på inntektstapet, vert vederlaget gitt etter satsen for ulegitimert tap.

3.2. Kven får vederlag

Arbeidstakarar, sjølvstendig næringsdrivande og personar utan arbeidsinntekt (t.d. husmødre, studentar og pensjonistar), kan få vederlag dersom dei må forsøme sine ordinære gjeremål for å ivareta tillitsvervet. Den som stiller krav etter ulegitimert tap må sannsynleggjere det.

3.3. Kva vederlaget skal dekkje

Satsane i regulativet skal dekkje tapt inntekt og feriepengar. Pensjonspremie skal ikkje dekkjast.

Dersom arbeidsgivaren ikkje trekkjer i løn, kan det avtalast at vederlaget skal utbetalast til arbeidsgivaren som då må fremje refusjonskrav overfor kommunen. I slike tilfelle kjem arbeidsgivaravgifta i tillegg til satsane.

For å få fullt vederlag skal fråværet har vart minst seks timar, inkludert reisetid i tida mellom kl. 0700 og 1900. For kortare fråvær vert vederlaget utrekna høvesvis etter timetalet avrunda oppover til næraste heile time.

Rådmannen avgjer om det ligg føre faktisk inntektstap.

3.4. Sjølvstendig næringsdrivande

Dersom inntektstapet er større enn satsen for ulegitimert tap, kan inntektstapet dokumenterast med likningsattest for det siste året. Som alternativ kan ein ta utgangspunkt i gjennomsnittet for likningsattestane for dei tre siste åra.

Kapital- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærvær på arbeidsplassen vert ikkje medrekna i grunnlaget.

Inntektstapet pr. dag vert utrekna etter netto årsinntekt dividert på 230 dagar.

3.5. Folkevald tilsett i kommunen

Kommunal folkevald som er tilsett i kommunen får utbetalt si ordinære løn i kommunen.

4. Godtgjersler ved deltaking på kurs, generalforsamlingar, gruppemøte m.v.

4.1. Kurs, generalforsamlingar og liknande

Ved deltaking på kurs, seminar, konferansar m.v. arrangert av kommunen, vert det betalt møtegodtgjersle, vederlag for tapt inntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle. Det same gjeld for valde utsendingar til generalforsamlingar, årsmøte og liknande

Møtegodtgjersla vert utbetalt etter gruppe 2.

Ved deltaking på kurs, seminar, konferansar, temaseminar, dialogmøte og folkemøte m.v. som vert arrangerte av andre enn kommunen vert det ikkje betalt møtegodtgjersle, men det vert gitt vederlag for tapt inntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle.

Deltaking på kurs, seminar, konferansar, temaseminar, dialogmøte og folkemøte m.v. skal vere avtalt og godkjent av ordførar/varaordførar, utvalsleiar eller rådmannen.

.

4.2. Synfaringar og anna arbeid utanfor møta

Ved deltaking på synfaringar og anna arbeid utanfor møta som vert gjort av utvalet, vert det betalt møtegodtgjersle, vederlag for tapt inntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle.

Det same gjeld når utvalet, ordføraren eller rådmannen har bede om at ein eller fleire medlemmer gjennomfører synfaring.

Møtegodtgjersla vert utbetalt etter gruppe 2.

4.3. Gruppemøte

Gruppemøte som vert haldne i kommunestyregruppene før opninga av kommunestyret, og ved møte i gruppene i formannskapet før formannskapsmøtet, vert rekna som ein del av kommunestyremøtet/formannskapsmøte og gir ikkje grunnlag for eiga godtgjersle.

Ved gruppeleiar møte som ein del av saksførebuing og som vert halde utanom den vedtekne møteplan, vert det utbetalt vederlag for tapt arbeidsinntekt og skyss- og kostgodtgjersle.

5. Vederlag for påførde utgifter

5.1. Generelt

Folkevald skal ha vederlag for påførde utgifter som følgje av ombodet.

Det gjeld ein sats for *legitimerte* utgifter og ein sats for *ulegitimerte* utgifter, jf. vedlagde regulativ.

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på utgiftene, vert vederlaget gitt etter satsen for ulegitimert tap. Det er i alle høve ein føresetnad at det ligg føre eit økonomisk tap.

Aktuelle utgifter kan vere utgifter til stadfortredar, barnetilsyn og stell av sjuke og andre.

5.2. Nærare om omsorgsansvar

Dekking av utgifter til nødvendig tilsyn kan givast til folkevald som har omsorgsansvar for barn under 12 år, eldre, uføre eller funksjonshemma.

Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra den folkevalde i å delta i møtet.

6. Skyss- og kostgodtgjersler m.v.

Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet.

Utgangspunkt og returpunkt for reisene skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studiestadadressa reknast som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Rådmannen kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt.

7. Utgifter til telefon, breiband og avisabonnement

7.1. Telefon

Kommunen held mobiltelefon for ordførar og varaordførar og dekkjer alle utgiftene ved abonnementet, jf. elles kommunen sitt telefonreglement så langt det passar.

8. Pensjonsmedlemskap og forsikringar

8.1. Medlemskap i KLP

Folkevalde som er frikjøpte, jf. punkt 1.4, skal ha medlemskap i Kommunal Landspensjonskasse.

For å rekne ut storleiken på vervet tek ein utgangspunkt i ein stillingsstorleik som følgjer av summen av dei faste godtgjerslene og dei gjennomsnittlege møtegodtgjerslene sin andel av kr 644 400,-

8.2. Tap av pensjonsrettar

Folkevald som vil tape pensjonsrettar som følgje av redusert stilling/fråvær frå sitt ordinære arbeid får refundert arbeidsgivardelen av den tilleggspremien som må betalast for å oppretthalde pensjonsmedlemskapen.

Det vert ikkje gitt refusjon når pensjonsmedlemskap knytt til det politiske vervet minst kompenserer for det tap i ytingar som manglande innbetaling av tilleggspremie vil resultere i. Ved berre delvis tap i ytingar etter ei slik samordning skjer det ei høvesvis avkorting i refusjon av tilleggspremie.

8.3. Gruppelivsforsikring

Folkevalde som er medlem i pensjonsordninga i KLP er også dekkja av kommunen si gruppelivsforsikring som har heimel i Hovudtariffavtalen kap 1, § 10.

8.4 Reiseforsikring

Det er teikna reiseforsikring for folkevalde. Ordninga gjeld kun tenestereiser.

9. Ordningar for ordføraren og varaordføraren

9.1. Dekking av spesielle reiseutgifter, m.v.

Ordføraren og varaordføraren skal få dekkja reiseutgiftene frå heimen og til kontoret, tur-retur/til oppmøtestaden. Utgifter til eventuelt hotellovernatting i Måløy/Florøy skal også dekkast.

10. Politikardagar

Leiarar/medlemer i andre utval som ikkje er medlemer i kommunestyret skal, med utgangspunkt i innkalling frå ordføraren, ha høve til å møte på politikardagar dersom det vert handsama saker som vedkjem deira utval. Dei skal då få dekkja utgiftene til reise, overnatting, møtegodtgjersle og eventuell kompensasjon for tapt arbeidsinntekt.

11. Ettergodtgjersle

Folkevald som har hatt verv på minst halv tid og som ikkje vert attvald, eller som får vervet redusert, skal utbetalast ettergodtgjersle slik:

- Folkevald som ikkje har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i tre månader.

Ettergodtgjersla skal vere lik den faste godtgjersla vedkomande hadde, eventuelt differansen mellom denne og ny godtgjersle.

12. Innlevering av reiserekning m.v.

Reiserekning med krav om godtgjersler og vederlag skal sendast politisk sekretariat seinast tre månader etter at møtet er halde.

Rådmannen avgjer om brot på denne fristen skal medføre at reiserekninga vert å sjå som forelda.

Utbetalt reiseforskot vert trekt ved oppgjeret av reiserekninga.

13. Regulering av godtgjerslene og vederlaga

Godtgjerslene og vederlaga som er fastsette i vedlagde regulativ skal regulerast kvart år per 1. januar.

Reguleringane skal skje med same prosentsats som årslønsveksten i det kommunale tariffområdet med verknad per. 1. januar det påfølgande året.

14. Kommunale føretak

Styreleiarar av kommunale føretak får 4,5% godtgjersle, som skal dekke all møtegodtgjersle.

Øvrige medlemmar og møtande varamedlemmar av styret får møtegodtgjersle som gruppe 1.

Reglar for tapt arbeidsforteneste gjeld tilsvarande for KF som for hovudutvala mv.

15. Rullering godtgjersleregulativ

Godtgjersleregulativet vert å rullere i samband med revidert budsjett 2020.

16. Regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde

Gjeld frå 2019 og vert regulert i samsvar med punkt 13 i reglementet

Grunnsummen; kroner 987 997, årleg fast godtgjersle for stortingsrepresentantar pr. 1. mai 2019

Lnr	Tekst	Prosent	Sats kr
	Fast godtgjersle		
	Ordførar	100	987 997
	Varaordførar (80% i ei 80 stilling)	80	632 318
	Formannskapsmedlemer (ikkje ordførar og varaordførar)	4,5	44 460
	Leiarar av hovudutvala Desse får ikkje møtegodtgjersle	4,5	44 460
	Leiar i kontrollutvalet Får ikkje møtegodtgjersle	4,5	44 460
	Leiar for Administrasjonsutvalet Får ikkje møtegodtgjersle	3	29 640
	Leiar for - Eldrerådet - Rådet for personar med nedsett funksjonsevne - Andre og tilsvarande råd, nemnder og utval Desse får ikkje møtegodtgjersle for møte i eige organ.	1,5	14 820
	Gruppeleiarar		
	Flat sats	0,4	3952
	Tillegg for kvar medlem i gruppa	0,1	988
	Telefon og beiband		
	Medlem av kommunestyret + 1 vara		1 500
	Hovudutvalsleiar, utvalsleiarar, medlem av formannskapet og gruppeleiarar		3 000
	Møtegodtgjersle gruppe 1, medlem av: Kommunestyret, "politikardagar ", møtande varamedlemer i formannskap, møtande medlem og varamedlem i hovudutval og administrasjonsutval, kontrollutval og eventuelt regionråd (avrunda)	1,0	1 000
	Møtegodtgjersle gruppe 2, medlem av: Andre utval, råd, komitear og liknande (avrunda)	0,75	750
	Vederlag for tap i inntekt		
	Vederlag for ulegitimert tap i inntekt		1 445
	Vederlag for legitimert tap i inntekt, inntil		6 000
	Vederlag for påførde utgifter		
	Vederlag for påførde ulegitimerte utgifter		722
	Vederlag for påførde legitimerte utgifter		1 548
	Styreleiarar KF		
	Styreleiarar kommunale føretak	4,5	44 460

	Øvrige medlemmar og møtande varamedlemmar til KF		
	Øvrige medlemmar og møtande medlemmar av styret får møtegodtgjersle som i gruppe 1	1,0	1 000
	Tapt arbeidsforteneste KF		
	Reglar for tapt arbeidsforteneste gjeld tilsvarende for KF som for hovudutvala mv		1 445 6 000